



Vågsøy kommune

Møteinnkalling for Formannskap

Møtedato: 28.11.2012
Møtested: Formannskapssalen, 3. etg. Rådhuset
Møtetid: Kl. 16:30 - 19:30

Innkallingen sendes medlemmene og de første varamedlemmer i hver gruppe. Varamedlemmer skal ikke møte uten nærmere varsel. Forfall må meldes til **tlf. 57 84 50 00 eller e-post til post@vagsoy.kommune.no** snarest. Forfallsgrunn må oppgis.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
071/12	Godkjenning av møteprotokoll	
072/12	Referatsaker	
073/12	Etablering av felles IKT-driftssenter i Nordfjord	
074/12	Drøftingssak - Økonomiplan 2013 - 2016 Vågsøy kommune	

Måløy 23. november 2012

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	28.11.2012	071/12

Endelig vedtak i: Sett inn utvalg	Arkivsaknr.: 12/1771	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
---	--------------------------------	---

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.
Vedlagt følger møteprotokoll fra møte <dato>



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	28.11.2012	072/12

Endelig vedtak i: Sett inn utvalg	Arkivsaknr.: 12/1770	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
---	--------------------------------	---

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	28.11.2012	073/12
Kommunestyre	19.12.2012	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 11/680	Saksansvarleg: Svanhild Mosebakken
---	-------------------------------	--

Etablering av felles IKT-driftssenter i Nordfjord

Rådmannen si innstilling

1. Kommunestyret vedtek at felles IKT-driftssenter for Nordfjord vert lagt til Vågsøy kommune
2. Kommunestyret godkjenner vedtektene for felles IKT-driftssenter for Nordfjord
3. Føresetnaden for vedtaket i punkt 2 ovanfor er at dei andre Nordfjordkommunane også godkjenner desse vedtektene.

Bakgrunn for saka

Etablering av felles IKT-driftssenter og organisering av dette senteret er tinga av dei sju kommunestyra i Nordfjord som har gjort likelydande vedtak:

1. Med bakgrunn i utgreiingsdokumentet «Felles IKT-driftssenter for Nordfjordkommunane» går Vågsøy kommune inn for at det blir oppretta felles IKT-driftssenter for Nordfjordkommunane, organisert etter kommunelova § 27 som kommunalt rettssubjekt
2. Vågsøy kommunestyre bed rådmannen – saman med rådmannsgruppa i Nordfjord – gå vidare med utlysing av konkurranse om lokalisering av IKT-driftssenter
3. Samarbeidsavtale og vedtekter skal handsamast av kommunestyret saman med val av lokalisering og finansiering for etablering av IKT-driftssenter
4. Føresetnaden for vedtaket i pkt 1-3 ovanfor er at dei andre Nordfjordkommunane slutter seg til dei same konklusjonane som Vågsøy kommune trekkjer gjennom dette vedtaket.

For tilsette som vert med over i den nye organisasjonen gjeld overgangsordningar regulert i eigen avtale.

Saksopplysningar / fakta

Det har vore arrangert intern konkurranse mellom Nordfjord-kommunane om lokalisering av senteret. Konkurransen er basert på eit konkurransegrunnlag utarbeidd av Kommunenett Nordfjord etter oppdrag frå rådmennene i Nordfjord. Avtaleperioden er fem år.

Rådmannsgruppa sette ned ei evalueringsgruppe som besto av IKT-leiar Åge Klausen (SYS IKT), IKT-sjef John-Arne Nybakk (INC Gruppen), rådmann Frank Westad (Hornindal kommune) og administrativ leiar Geir Liavåg Strand (Kommunenett Nordfjord).

Følgjande tildelingskriteria vart vedtekne av rådmannsgruppa:

3.3.x	Tildelingskriterium	Vekt %
.1	Arleg husleigepris (føreset 5 års leigetid og etableringskostnadane avskrivne over 5 år)	40
.2	Kvalitet på tilbodne lokaler, med utgangspunkt i kravspesifikasjon kapittel 4 (pkt 4.4)	60

Evalueringsmetodikk

Tilskot/Pris: Beste (lågaste) pris får beste poeng 10, øvrige poeng utrekna matematisk forholdsvis etter beste pris. Dette uttrykkast matematisk i denne formelen:

Poengscore = $10 \times (P_b / P_e)$, der P_e er den prisen som evaluerast og P_b beste (lågaste) pris.

Kvalitet: Her vert det teke ei skjønsmessig vurdering utifrå korleis lokalitetane er utforma, både funksjonelt og i forhold til dei areal og fysiske krav som er stilte. Ein føreset her at pkt 4.3 er stetta, poeng vert gjeve på pkt 4.4.

Tilbod

Det kom inn fire tilbod frå dei fem kommunane Vågsøy/Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal. Basert på at Hornindal kommune sende inn tilbod, vart evalueringsgruppa endra ved at rådmann Reidar Sandviknes (Selje) tok rådmann Frank Westad sin plass.

Innstilling frå evalueringsgruppa

Evalueringsgruppa tilrår einstemmig at Vågsøy kommune vert valt som vertskommune for felles IKT-driftssenter i samarbeid med Eid kommune. Tilbodet frå Vågsøy/Eid har både den tekniske beste løysinga og er den økonomisk mest fordelaktige for Nordfjord-kommunane.

Evalueringsgruppa er samde om at dei fire tilboda skal rangerast og vektast slik med maksimalt 10 poeng for teknisk løysing og 10 poeng for økonomisk:

Vågsøy/Eid: (9 p + 10 p) = 19 p, med vekting: 9,4 poeng
Gloppen: (7 p + 0 p) = 7 p, med vekting: 4,2 poeng
Stryn: (6 p + 0 p) = 6 p, med vekting: 3,6 poeng
Hornindal: (0 p + 0 p) = 0 p, med vekting: 0,0 poeng

Organisasjonsform

I samsvar med vedtak i alle sju kommunestyre i Nordfjord skal samarbeidet organiserast etter kommunelova §27 som kommunalt rettssubjekt.

På sikt skal alternative organisasjonsformer for organisering, inklusiv § 28 organisering, utgreiast. Tidsplan for arbeidet med vurdering av alternative organiseringar vert lagt inn i IKT strategiplanen for 2013-2016.

Vedtekter

Forslag til vedtekter for felles IKT-driftssenter i Nordfjord, IKT Nordfjord, er vedlagt. Vedtektene er gjennomgått og kvalitetssikra av jurist.

Kommunane forpliktar seg overfor vertskommunen til å vere med i samarbeidet i fem år frå 1.1.2013.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Vertskommunane Vågsøy og Eid har tilbode å etablere felles IKT-driftssenter utan økonomisk vederlag frå dei andre kommunane. Det vil seie at dei andre kommunane ikkje får utgifter som skal dekkast inn i samband med etableringa av senteret.

Deltaking i eit felles IKT-driftssenter for Nordfjord vil kunne redusere kostnadene til IKT-drift noko på kort sikt ved at utgiftene til IKT-drift vert fordelt mellom dei kommunane som vert med å etablere IKT-senteret.

Vurdering / konsekvensar

Rådmannen tilrår at kommunen sluttar seg til lokalisering av eit felles IKT-driftssenter i Vågsøy og at kommunen godkjenner dei framlagde vedtektene for driftssenteret.

Alternativ til å vere med i dette samarbeidet

Kommunane i Nordfjord har sidan 2001 samarbeidd om innkjøp og drift av felles dataløysingar og felles programvare. Det er inngått avtalar om kjøp av løysingar på vegner av alle kommunane og kostnadene ved drift av løysingane vert fordelt mellom kommunane etter ein fordelingsnøkkel med 25 % av kostnadane delt likt mellom kommunane og 75 % av kostnadene fordelt etter folketalet i kommunane ved føregåande årsskifte. Drifta av desse felles løysingane kjem i 2013 til å koste kommunane 14 mill kr. Det står felles datamaskiner (serverar) i Hornindal, Stryn, Vågsøy, Eid og Gloppen kommunar.

Ved oppstart av felles IKT-driftssenter vil alle desse løysingane vere tilgjengeleg som før, men datamaskinane vert plasserte i Vågsøy. Det vert oppretta eit eige styre for driftssenteret og det er dette styret som tilset/overtek dei tilsette som arbeider med felles drift i Nordfjord. For dei kommunane som vert med i driftssenteret vil løysingane vere tilgjengelege som før og etter kvart som driftspersonellet vert spesialistar i dei ulike systema skal drifta bli betre enn den er i dag. Målet er driftssikre løysingar med 100% oppetid for brukarane.

Dei kommunane som ikkje vel å gå med i driftssenteret må skaffe seg dataløysingar på eiga hand. Dette er fullt mogeleg, men vil ha store økonomiske konsekvensar for kommunane både ved at dataløysingane må kjøpast (eller leigast) på nytt og ved at det må tilsettast (eller leigast inn) driftspersonell til å halde dei nye løysingane i gang. I dag brukar ein gjennomsnitt kommune i Nordfjord (Bremanger) 1,8 mill kr årleg til IKT-drift av fellessystem. Ein må pårekne ein auke i årlege kostnadane på 50-100 % om kommunen ikkje vert med i driftssenter. I tillegg kjem ein eingongskostnad ved kjøp av desse løysingane. Denne kostnaden er ikkje utgreidd, men vert mest truleg meir enn på 10 millionar kroner basert på ein tommelfingerregel om at kommunane sine årlege vedlikehaldsutgifter er 15 % av kjøpspris. Ein gjennomsnittskommune (Bremanger) vil dermed få ein kostnad mellom 18 og 24 millionar kr ved å etablere nye dataløysingar. I tillegg må det tilsettast ikt-driftspersonell.

Rådmannsgruppa i Nordfjord vedtok samrøystes på sitt møte den 28. september i år å tilrå at eit driftssenter for alle kommunane blir etablert i Vågsøy. På møtet 26. oktober vart vedtektene for felles IKT-driftssenter og den nye samarbeidsavtalen IKT-samarbeidet i Nordfjord vedteke tilrådd.

Vedlegg:

Dok.nr
97498

Tittel på vedlegg
Samarbeidsavtale - Felles IKT-driftssenter i Nordfjord.doc

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
6	I	15.04.2011	Jarle Kommunenett Nordfjord v/Tvinnereim	Oppdatert utgreingsdokument IKT-driftssenter
5	S	30.04.2011		Felles IKT driftssenter for Kommunenett

59	U	16.10.2012	Domstein ASA	Nordfjord Signert intensjonsavtale mellom Vågsøy kommune og Domstein ASA
60	I	26.10.2012	Gloppen kommune	Mal for saksutgreiing felles IKT-driftssenter og utkast til vedtekter for senteret



Kommunenett Nordfjord

SAMARBEIDSAVTALE

FOR

FELLES IKT-DRIFTSENTER I NORDFJORDKOMMUNANE

Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy

SAMARBEIDSAVTALE

for felles IKT-driftsenter i kommunane i Nordfjord – *heretter kalla IKT Nordfjord*, inngått med heimel i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) av 25. september 1992 nr. 107 kapittel 5A § 28-1e og etter vedtak av kommunestyra i kommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy.

1 HEIMEL, OPPRETNING M.V.

- 1.1 Denne avtalen er inngått i medhald av kommunelova kapittel 5A § 28-1e
- 1.2 IKT Nordfjord er eit interkommunalt samarbeid oppretta for og av kommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy
- 1.3 IKT Nordfjord har hovudkontor i Vågsøy kommune som er vertskommune for samarbeidet.

2 RETTSLEG STATUS

IKT Nordfjord er ikkje eit eige rettssubjekt. Verksemda skal likevel registrert i Einingsregisteret. Arbeidsgjevaransvaret ligg til Vågsøy kommune. For tilsette som vert med over i den nye organisasjonen gjeld overgangsordningar regulert i eigen avtale.

3 FØREMÅL, OMFANG OG AVGRENSING

IKT Nordfjord skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver knytt til drift, service og forvaltning av eigarkommunane sin informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), samt inngåing og oppfølging av avtalar om kjøp av tenester og varer frå eksterne leverandørar innafør driftsområdet. IKT Nordfjord skal vere konkurransedyktig på pris og kvalitet.

IKT Nordfjord skal handtere oppdrag etter bestilling frå kommunane og innanfor ramma av deltakarkommunane sin til ei kvar tid gjeldande IKT-strategi (Strategisk IKT-plan for kommunane i samarbeidet).

ommunane forpliktar seg i avtaleperioden til å legge oppdrag som fell innafør samarbeidet sitt formål til IKT Nordfjord.

Plikter etter personopplysingslova (Databehandlaravtale)

IKT Nordfjord pliktar å behandle personopplysingar frå den enkelte kommune i IKT Nordfjord slik at krav til konfidensialitet, integritet, tilgjengelegheit og kvalitet er ivareteke etter helseregisterlova §§ 16 og 18, personopplysingslova § 13 og personopplysningsforskrifta § 2-15.

Det er den enkelte kommune sitt ansvar å sjå til at IKT Nordfjord sin informasjonstryggleik er tilfredsstillande. Dersom tryggleiksnivået ikkje er tilfredsstillande, pliktar IKT Nordfjord å justere tryggleiks-nivået etter instruks frå den enkelte kommune.

Avgrensingar

Samarbeidsavtalen fråtek ikkje deltakarkommunane det ansvaret dei har etter lov, forskrift og anna regelverk innanfor dei tenestene og oppgåvene som samarbeidet til ei kvar tid omfattar.

Dersom ein kommune ikkje innordnar seg fellesløysingane, må kommunen sjølv ta det økonomiske ansvaret for vedlikehald og drift og eventuelle andre konsekvensar som måtte oppstå som følge av dette.

4 ORGANISERING

4.1. Vågsøy kommune skal ha det administrative og organisatoriske ansvaret for drifta av IKT Nordfjord samarbeidet.

4.2. Samarbeidet skal ha ein dagleg leiar med administrativt og fagleg ansvar for drifta av samarbeidet.

5 DAGLEG LEIAR

5.1. Dagleg leiar er direkte underlagt rådmannen i Vågsøy, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som rådmannen gjev.

6 PERSONALET

6.1. Vågsøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for alle arbeidstakarane i IKT Nordfjord.

6.2. Alle faste tilsette innan IKT-drift i dei 7 kommunane får tilbod om overføring til Vågsøy kommune frå den dagen rådmannen i Vågsøy bestemmer. Ved overføring/tilsetning gjeld eigen avtale, jfr. pkt 2.

7 ØKONOMISK STYRING OG DOKUMENTASJON

7.1. Vågsøy kommune er ansvarleg for at det vert ført rekneskap og skrive årsmelding for IKT Nordfjord. Vågsøy kommune skal også syte for at deltakarkommunane får framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for drift av IKT Nordfjord i god tid framfor eigen budsjettprosess.

7.2 Vågsøy kommune har arkivansvaret for IKT Nordfjord

8 ØKONOMISK ANSVAR OG EIGARSKAP I FORMUE

8.1. Eigedommsrett til utstyr.

Serverar og lagringssystem frå eigarkommunane vert overført vederlagsfritt til Vågsøy kommune. IKT Nordfjord får eit koordineringsansvar for vedlikehald av IKT-utstyret i deltakarkommunane i samsvar med egne servicenivåavtalar.

Deltakarkommunane kjøper og eig sjølve brukarutstyr (PC m.m.) og anna utstyr som berre vil bli brukt av ein kommune. Kommunane tingar slikt utstyr hos IKT Nordfjord. Organiseringa vil krevje ein del investeringar i felles utstyr. Kostnaden vil bli innarbeidd i budsjett/rekneskap for IKT-eininga og fordelt mellom kommunane etter reglane om kostnadsfordeling.

8.2. Kostnadsfordeling.

Partane pliktar å dekke kostnadene med samarbeidet i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel. For samarbeidsområda skal følgjande fordelingsnøklar gjelde:

25 % fordelt likt mellom kommunane,
75 % fordelt etter innbyggartal.

Ved utviding av samarbeidet til nye område skal fordelingsnøkkelen vere den same. Dersom enkelte kommunar ikkje tiltrer samarbeidet fullt ut, men ønskjer å ha nærare definerte tenester, må direkte og indirekte kostnader knytt til denne definerte tenesta spesifiserast særskilt i budsjett og rekneskap og danne grunnlag for kostnadsfordelinga for denne tenesta.

Partane er samde om at IKT Nordfjord sitt budsjett skal vere grunnlag for a-konto innbetalingar frå deltakarkommunane kvar månad. Endeleg avrekning skjer når IKT Nordfjord sitt rekneskap for det aktuelle året er vedteke. IKT Nordfjord skal halde deltakarkommunane fortløpande orientert om kostnadsutviklinga (perioderekneskap).

Dersom ein av deltakarkommunane bestiller oppdrag hos IKT Nordfjord som ikkje er omfatta av samarbeidet (rammeavtale/servicenivåavtale), kan IKT Nordfjord fakturere den aktuelle kommunen for reisekostnader og arbeidstimar. Særskilt avtale om timesats skal vere inngått før arbeidet tek til.

9 SAMARBEIDET OG DELTAKARANE SINE PLIKTER

9.1. IKT Nordfjord utfører oppgåver og leverer tenester til deltakarane etter retningslinjer som er fastsette av rådmannen i Vågsøy i samråd med kommunane. Nærare innhald, kvalitet og pris for etablerte tenester, skal fastsettast som grunnlag for servicenivåavtale. Retningslinjer og servicenivåavtale inngår som del av samarbeidet sitt avtaleverk etter punkt 1.

9.2. Kommunane si bestillar-rolle / IKT-kontakt

Ein tilsett i kvar kommune skal tildelast ansvaret som IKT-kontakt. Vedkomande skal ha ansvar for oppgåver som å:

- sjå til at avtalen og servicenivåavtalar vert følgt opp i eigen kommune og av IKT Nordfjord
- samla melde inn behov for nye tenester på vegner av kommunen
- vere kommunen sitt kontaktpunkt mot IKT Nordfjord.

Nye tenester, system og løysingar skal prioriterast gjennom budsjett og økonomiplan.

10 VEDTEKTSMYNDE OG ENDRINGAR AV AVTALEN

10.1 Denne avtalen skal godkjennast av kommunestyret sjølv i kvar av deltakarkommunane. Krav om endring av avtalen skal fremjast til rådmannen i Vågsøy som har ansvaret for å gjennomføre forhandlingar om eventuelle endringar.

11 UTMELDING OG OPPLØYSNING

11.1. Reglane om utmelding og oppløysing følgjer av kommunelova kapittel 5A § 28-1i.

11.2. Ved opphøyr av avtalen skal det skje eit økonomiske oppgjær mellom partane. Det økonomiske oppgjæret skal ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

11.2.a. Investeringar

Det blir lagt til grunn at alle investeringar blir nedskrivne lineært over 5 år i IKT Nordfjord sitt rekneskap. Den kommunen som trer ut av samarbeidet, eller går over til kjøp av definerte

tenester, må betale eit eingongsbeløp svarande til vedkomande kommune sin del av den ”rest verdien” som er på investeringane. Ved fordelinga blir fordelingsnøklane omtalt under punkt 8 lagt til grunn.

11.2.b. Lisensar og andre løpande avtalar

Det blir lagt til grunn at lisensar m.m. er løpande avtalar som kan tilpassast talet på deltakarkommunar før ein kommune trer ut av samarbeidet/går over til kjøp av definerte tenester. Dersom desse avtalane har lang oppseiingstid, eller dette av andre grunnar ikkje er mogleg, må den kommunen som trer ut av samarbeidet / går over til kjøp av definerte tenester, også betale eit eingongsbeløp som dekker vedkomande kommune sin del av slike kostnader. Også her skal fordelingsnøklane omtalt under punkt 8 leggest til grunn.

12 KONFLIKTLØYSING OG TVISTEMÅL

12.1 Dersom det oppstår konfliktspørsmål som ikkje kan løysast innafor ramma av avtalen, er partane samde om at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avgjer saka.

13 IKRAFTREDING

Avtalen gjeld frå det tidspunkt alle kommunestyra har godkjent denne, og seinast frå 01.04.2013.

14 GODKJENNING OG KOMMUNAL HANDSAMING

Denne avtalen er godkjent med vedtak i:

KOMMUNE	Sak nr.	Dato.
Bremanger		
Eid		
Gloppen		
Hornindal		
Selje		
Stryn		
Vågsøy		

For Bremanger kommune

Dato.....

.....

For Eid kommune

Dato.....

.....

For Gloppen kommune

Dato.....

.....

For Hornindal kommune

Dato.....

.....

For Selje kommune

Dato.....

.....

For Stryn kommune

Dato.....

.....

For Vågsøy kommune

Dato.....

.....



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	28.11.2012	074/12

Endelig vedtak i: Formannskap	Arkivsaknr.: 12/1213	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	--------------------------------	--

Drøftingssak - Økonomiplan 2013 - 2016 Vågsøy kommune

Skriv inn drøftinger her

1. Økonomiplan 2013 – 2016 Vågsøy kommune